

Georg Brandes.

Eg flettar deg ein minnekrans  
av visna lauv,  
og ynskjer at ditt namn, din glans  
kverv bort som skrauv.

Du eingong var eit Herrens barn  
med mange pund.  
Men likevel i Satans garn  
di lengste stynd.

Du bytte bort din barnerang  
og rettferdsskrud -!  
Du hamna i Dalilas fang,  
og glöymde Gud.

Frå Faderfamn og barnetru  
du reiv deg laus.  
Og brende byrg den siste bru  
-du harde haus -.

Vart vernepliktig korporal  
i myrkheims her,  
med Vantru som din general  
og so Voltær.

på tunga og på pennespiss  
fekk Satan rom.  
Ditt hjarta vart so kaldt som is,  
og sjæli tom.

Du sådde tvil og vantru inn  
i mang ei sjæl.  
Dei åt av bestematen din,  
og svalt i hel.

Du vingla bort di dyre sjæl  
i töv og tull.  
Men "stor" du vart, og likevel  
so lik ein null.

Du arme mann med kløyvde skjold:  
Kvar vart du av ?  
Jau, munnen din er full av mold  
i glöymde grav - .

Johs. M. L. Hydland.